

MØTEINNKALLING

Tysnes kommune

Utval : **KOMMUNESTYRET**
Møtestad : **Rådhuset**
Møtedato : **25.09.2018**
Tid : **16:00 - 00:00**

SAKLISTE:

Utvalsaknr.	Arkivsaknr.	Tittel
PS 34/18	18/421	REFERAT, SKRIV OG MELDINGAR
PS 35/18	16/932	SØKNAD OM ENDRING AV REGULERINGPLAN - GALANTEN GNR. 106 BNR. 7 M.FL.
PS 36/18	18/320	FORVALTNINGSPLAN FOR GJESS
PS 37/18	18/511	FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - NILS HELLAND
PS 38/18	18/491	ABONNEMENTSVILKÅR FOR VATN OG AVLØP - REVISJON
PS 39/18	18/515	SJØLVKOSTOMRÅDE FOR VASSFORSYNING
PS 40/18	18/508	INTERKOMMUNAL STRANDSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND - KOMMUNEDELPLAN INTERN HØYRING
PS 41/18	18/223	FØREHANDSINNKREVJING AV BOMPENGEAR - E39
PS 42/18	18/507	AVTALE OM PPT-SAMARBEID - TYSNES - STORD - FITJAR
PS 43/18	18/519	RUTINER FOR TILSYN BARNEHAGAR

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/421 -
Arkivkode: 020

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 34/18

REFERAT, SKRIV OG MELDINGAR

Vedlegg: REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET 22. JUNI 2018
REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET 7. september 2018

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Møtet var kalla inn ved skriv frå ordføraren 13. september 2018. Møtet har óg vore kunngjort i Bladet Tysnes og på kommunen si nettside.

Det var ingen merknader til innkallinga, sakslista eller møteboka frå førre møte.

Referat skriv og meldingar:

Ordførar orienterte kort om utsendte referat, skriv og meldingar.

Ordføraren orienterte vidare om folkemøte 26. september med tema framføring av kraftliner for Haugaland kraft.

Ordføraren orienterte om endringar på heimesida som følgje av at kommunen kom ut i midtsjiktet i gjennomført undersøking om openheit. Ein av endringane er at det no er lagt ut kontaktinformasjon til politiske representantar.

Ymse:

Sal av Hovland:

Representanten Magnar Solheim stilte spørsmål om korleis det stiller seg med sal av Hovland. Rådmannen orienterte om at det var trong for ein oppdatert tilstandsrapport og at Hovland no er klart for å leggjast ut til sal, meklaren i saka rår til at det likevel ikkje vert annonsert for sal før til våren.

Kommunale vegar:

Representanten Magnar Solheim uttrykte uro for dei kommunale vegane ikkje minst i ljøs av dei omfattande nedbørsmengdene me har for tida. Han viste mellom anna til at kommunen tidlegare har peika på trong for rammeavtaler om grøftereinsk og etterlyste status her. Rådmannen svara at det er teikna ein rammeavtale som mellom anna omhandlar grøftereinsk, når det gjeld prioriteringar i høve kommunale vegar bør tiltak for vasshandtering prioriterast.

PPT

Representanten Anne Merete Fjeldstad peika på at det er dårlig konsistens mellom det å vera eigen kommune og det å løysa tenester i eigen regi. Representanten meinte at den politiske føringa i denne saka burde vore at kommunen frametter skal løysa denne oppgåva i eigen regi.

Havbruksfond:

Representanten Anne Merete Fjeldstad peika på at pengar knytt til Havbruksfondet bør kunne øyremerkjast til infrastruktur. Det bør vurderast om pengane skal nyttast til etablering av gang og sykkelsti mellom Våge og Uggdal. Det vil vera store føremøner med ei slik investering ikkje minst ut frå eit folkehelseperspektiv. Det vil kunne vera positivt i eit næringsperspektiv ikkje minst opp mot verksemda Tysnes Industri AS.

Trafikktryggleik:

Representanten Inge Malkenes oppmoda grunneigarar i Tysnes som eig skogteigar i nærleik av veg om å avskoga, eventuelt opna opp for at andre kan gjennomføra hogst i område.

Grethe Barmen og Patrick Russel Madsen vart vald til å skriva under møteboka saman med ordføraren.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 16/932 -
Arkivkode: 504

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	13.12.2016	PS 96/16
LANDBRUK/TEKNISK	28.11.2017	PS 134/17
LANDBRUK/TEKNISK	04.09.2018	PS 104/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 35/18

SØKNAD OM ENDRING AV REGULERINGPLAN - GALANTEN GNR. 106 BNR. 7 M.FL.

Vedlegg: Plankart revidert etter dialogmøte 13.07.18
Føresegner revidert etter dialogmøte 13.07.18

Trekking av motsegn 30.08.18
E-post til fylkesmannen 24.08.18
Referat etter dialogmøte.
Revidert planframlegg 09.02.18 m/vedlegg.
Motsegn fylkesmannen. 19.01.18
Søknad om endring av detaljreguleringsplan 30.10.17 m/vedlegg.

SAKSUTGREIING:

Harald Bjørndal Byggadmin AS har på vegne av tiltakshavar søkt om endring av detaljreguleringsplan Galanten.
Endring av reguleringsplan skal handsamast etter Plan og bygningslova § 12-14.

Bakgrunn

Saka gjeld endring av gjeldande reguleringsplan for Galanten stadfesta 07, med utvida plangrense i sjø og utvida næringsareal.
Omsøkt arealbruk i sjø er ikkje i samsvar med kommuneplan og utvida næringsareal medfører endring av arealføremål i plan.
Ny arealbruk i sjø vert endring frå «Kaste og lossetningsområde» til «Småbåtanlegg» nord-aust og sør-aust i utvida planområde og ein mindre del av friluftsområde vert endra til næring nord om eksisterande naustrekkje.

Endringa vert omsøkt då dette er ei ynskja utviding og vidaresatsing på eksisterande næringsverksemd innanfor planområdet.

Ny arealbruk i sjø vil gje moglegheit for vidareutvikling av utleigedrifta og oppføring av naudsynte fasilitetar i samband med drifta, som bryggjer og kaianlegg.

Det nye næringsarealet på land skal gjera mogleg oppføring av lagerbygg for utstyr i samband med drifta.

Oppstart av reguleringsendring vart godkjent i formannskapsmøte 13.12.16 og oppstart av planarbeid kunngjort 09.01.17.

Planfagleg vurdering

Området er utvikla i samsvar med plan frå 07, det er naturleg at det kjem ynskje om modernisering og justering av plan etter ein tiårsperiode. Tysnes kommune meiner det er viktig at gjeldande reguleringsplanar for næring og turisme er realistiske og gjev rom for utvikling. Difor er og endringa politisk forankra gjennom vedtak i formannskapet då delar av endringa ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan, men vurdert å vera viktig for å kunne halde oppe og utvikle vidare den aktivitet som er i planområdet i dag.

Ei utviding av plangrensa for å få plassert småbåtanlegg i sjø samt ei føremålsendring for nytt næringsbygg i ein eksisterande detaljregulering for næring og reiselivsføremål, vert vurdert å ikkje vera i strid med statlege eller regionale retningslinjer. Omsyn til ålmenta vert ikkje sett vesentleg til side i planframlegget.

Motsegn og mekling

Fylkesmannen fremja motsegn til planframlegget 22.01.18, som grunngjeving, og til opplysing av forankring av motsegna peikast på at planframlegget er svakt utgreidd og gjev lita styring med kva som kan oppførast av nye tiltak.

«Nye tiltak er etter det vi kan vurdere av planen i strid med nasjonale føresetnader for strandsonevernet, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Fylkesmannen fremjar difor motsegn til reguleringsendringa slik han no ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 5-4 første ledd.»

Tysnes kommune og plankonsulent svarte på motsegn med revidert planframlegg og følgeskriv 09.02.18.

Etter utallige purringar fikk Tysnes kommune til slutt ein tilbakemelding 07.05.18 der fylkesmannen vidarefører sine motsegn utan å vera konkret på kva som etter deira oppfatting må endrast.

Saka går no vidare til mekling/dialogmøte, der rådmann og ordførar Tysnes kommune stiller i møte med fylkesmannen for å koma vidare.

Resultatet frå dialogmøte vart formidla plankonsulent og tiltakshavar.

Planframlegget vart revidert i samsvar med føringar og signal gjeve i dialogmøte og oversendt fylkesmannen med oppmodning til å trekke motsegn 13.07.18.

Etter telefonsamtale med fylkesmannen der det fortsatt ble signalisert motvilje mot å trekke motsegn til revidert planframlegg, ble det i e-post frå planavdelinga, varsla at me vil ta saka vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om motsegna nå ikkje vert trekt.

Fylkesmannen trekk alle motsegn til endring av detaljreguleringsplan for Galanten i skriv datert 30.08.18.

Planframlegget kan difor slutthansamast med instilling til vedtak i kommunestyre i politisk utval Landbruk/teknisk ved første høve.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i § 12-12 i plan og bygningslova vedtek kommunestyret endring av detaljreguleringsplan for Galanten gnr.106 bnr.7 m.fl , Tysnes kommune datert 13.07.2018 med tilhørende føresegner.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ LANDBRUK/TEKNISK 04.09.2018:

Med heimel i § 12-12 i plan og bygningslova vedtek kommunestyret endring av detaljreguleringsplan for Galanten gnr.106 bnr.7 m.fl , Tysnes kommune datert 13.07.2018 med tilhørende føresegner.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Med heimel i § 12-12 i plan og bygningslova vedtek kommunestyret endring av detaljreguleringsplan for Galanten gnr.106 bnr.7 m.fl , Tysnes kommune datert 13.07.2018 med tilhørende føresegner.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/320 -
Arkivkode: 632

Sakshandsamar: Øystein Svalheim

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
LANDBRUK/TEKNISK	05.06.2018	PS 65/18
LANDBRUK/TEKNISK	04.09.2018	PS 84/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 36/18

FORVALTNINGSPLAN FOR GJESS

vedlegg: Forvaltningsplan for gjess - revidert
Høyringsuttale Per Ingolf Økland
Høyringsuttale Per Vermedal
Uttale frå Tysnes jakt og fiskelag
Uttale frå Tysnes Bondelag
Uttale Leif Magne hovland
Høyringsuttale Tveit grunneigarlag
Uttale - Hordaland fylkeskommune
Vedtak 05.06.2018

SAKSUTGREIING:

Utval for Landbruk/teknisk Tysnes vedtok 12.06.2018, sak 17/927, å legge forslag til «Forvaltningsplan grågås Tysnes» ut til høyring. Høyringsfristen var 6 juli 2018 og har no gått ut.

Det har kommet inn nokre høyringsuttaler; Hordaland jeger & fisk og div. grunneigarlag. Desse fremgår av vedlegg.

Vurdering:

Høyringsuttalane går i hovudsak på 2 forhold;

- Friområde problematikk
- Meir jakt og betre organisering av jakt som løysing.

Vedr. Høyringsuttale frå Hordaland jeger & fisk, påpeiker NJFF- Tysnes i sin uttale at det må vere meir fokus på jakt og organisering av jakt slik at den kan verte meir effektiv som eit

tiltak mot gåse/avling problematikk. I dag er jakt på gås så godt som ikkje eksisterande på Tysnes. JFF Tysnes meiner at mykje av problemet med gås kan løysast med tidlegare jakt og effektivisering, samt organisering av jaktform. Landbrukskontoret deler synet til jeger og fisk, og meiner at meir organisert jakt kan løyse mykje av problema. Eggplukking må nemnast som endå eit tiltak som kan vere effektivt. I tillegg til tidlegare jakt søker kommunen difor også om å få utvida eggplukking sesongen.

Vedr. Høyringsuttale frå grunneigarar ang. fri og skremmeområde, Per Vermedal kommenterte at Gripne ikkje ville fungere som friområdet. Han ber om at Gripne (Fig. 15) skal tas ut av plan. Han argumenterer med at det vil bli vanskeleg å drifte dette område grunna avbeiting og tilgrising. Vermedal leiger denne jorda og må køyre 20 km for å slå, og seier at vist dette skal bli friområde må kompensasjonen vere på plass no. Fylkesmannen har blitt meir lempelege på friområde, og seier at det ikkje lenger er eit absolutt å ha friområde. Vidare seier Fylkesmannen at det vil sannsynlegvis verte mogleg å bruke «RMP» midlar som kompensasjon for gåseskadar neste år (2019). Vi har valt å ta ut figur 15 som omhandlar «Gripne-friområde» frå plan.

Tveit grunneigarlag kommenterte at delar av gbnr 128/1 må inn som skremmeområdet. Dette er gjort.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Landbruk/teknisk godkjenner Forvaltningsplan for gress slik den ligg føre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ LANDBRUK/TEKNISK 04.09.2018:

Landbruk/teknisk godkjenner Forvaltningsplan for gress slik den ligg føre.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Landbruk/teknisk godkjenner Forvaltningsplan for gress slik den ligg føre.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/511 -
Arkivkode: 022

Sakshandsamar: Anders Teigen

Handsamingar:

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Saksnummer
PS 37/18

FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - NILS HELLAND

Vedlegg:

SAKSUTGREIING:

Innleiing:

Nils Helland vart ved kommunestyrevalet 2015 valt inn som 3. vara frå Framstegspartiet i kommunestyret. Han vart vidare valt inn som FRP/Venstre sin 1. vararepresentant i tenesteutvalet. Han er også kommunen sin representant i Onarheim barnehage.

Nils Helland har 27. august 2018 sendt følgjande søknad:

«På grunn av min helse søker jeg fritak for alle mine politiske verv.»

Kommunelova seier følgjande i § 15, 2. ledd:

«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjytte sine plikter i vervet.»

Vallova § 14-2 seier m.a. følgjande:

§ 14-2. Nytt valgoppgjør og suppleringsvalg til fylkestinget eller kommunestyret

(1) Fylkesordføreren eller ordføreren skal sørge for at fylkesvalgstyret eller valgstyret foretar nytt valgoppgjør dersom en representantplass i fylkestinget eller kommunestyret blir stående ubesatt.

(2) Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.

(3) Er antallet av vararepresentanter eller av en gruppes vararepresentanter blitt utilstrekkelig, og forholdet ikke kan avhjelpes ved nytt valgoppgjør etter annet ledd, kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige vararepresentantplassen. Gruppen underretter deretter fylkesvalgstyret eller valgstyret, som velger vedkommende som vararepresentant dersom valgbarhetsvilkårene er oppfylt.

(4) Er kommunestyrevalget holdt som flertallsvalg, utpekes kandidaten til den ledige plassen av kommunestyret. Tredje ledd annet punktum gjelder tilsvarende.

Vallova § 11-12, nr 3 om talet på varamedlemmer i kommunestyret:

«Hver liste skal så vidt mulig tildeles så mange vararepresentanter som den får representanter, med tillegg av tre.»

FRP får såleis færre vararepresentantar i kommunestyret enn så mange som dei har representantar med tillegg av 3. I valstyret si møtebok ved kommunestyrevalet i 2015 går det fram at Florence Ida Straume er neste til å bli valt som ny 5. vara i kommunestyret for FRP. Etter vallova § 14-2, nr. 2, så er det ordførar som må vurderer om han finn at eit slikt opprykk er nødvendig.

Nils Helland er også valt inn som FRP/Venstre sitt 1. varamedlem i tenesteutvalet. Han vart valt inn på ei valliste for FRP/Venstre. Her kan det veljast nytt varamedlem. Det vert her vist til kml § 16 nr 5 og 6:

«5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

Kml § 16 nr 5 seier noko om høvet for kommunestyret til å supplera FRP/Venstre si varamannsliste i tenesteutvalet, dersom den gjennom prosessen skulle verta «utilstrekkelig.»

Kml § 16 nr 6 har viktige føringar i høve suppleringsval etter same paragraf nr 3 og nr 5. – Her «kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen

underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt.» Kommunestyret må sjå til at dei lovbestemte vilkåra er oppfylte; herunder at kjønnsbalansen er i orden; jf siste setning i kml § 16 nr 3.

I møte i tenesteutvalet 25.10.2016 vart Nils Helland valt til kommunen sin representant i samarbeidsutvalet i Onarheim barnehage, med Beate Storesætre som vara. Etter Barnehagelova § 4 skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval.

OPPSUMMERING:

Etter vallova § 14-2, nr. 2, så er det ordførar som må vurdere om han finn at eit opprykk på vararepresentant-lista i kommunestyret er nødvendig. Florence Ida Straume er i så fall neste til å bli valt som ny 5. vara i kommunestyret for FRP.

Kommunestyret kan etter kml § 16 nr 5 velja nytt varamedlem til tenesteutvalet dersom denne varamedlemslista er blitt utilstrekkeleg.

Det må veljast erstattar etter Nils Helland i samarbeidsutvalet i Onarheim barnehage.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Ordføraren sette fram slikt framlegg til vedtak:

«Kommunestyre gir på bakgrunn av søknad Nils Helland fritak frå politiske verv.

I kommunestyregruppa til Frp går Janne Hatteberg opp som tredje vara, Magne Ivar Fauskanger går opp som fjerde vara, Florence Ida Straume går inn som femte vara.

I tenesteutvalet går Vigdis Frugård Tvedt inn som første vara for Frp/Venstre, Janne Hatteberg går opp som andre vara og Florence Ida Straume vert tredje vara for Frp/Venstre.

Tenesteutvalet peikar ut ny representant for samarbeidsutvalet for Onarheim barnehage, valet vert gjort i utvalet sitt neste møte. «

Kommunestyre slutta seg samrøystes til framlegg frå ordføraren.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Kommunestyre gir på bakgrunn av søknad Nils Helland fritak frå politiske verv.

I kommunestyregruppa til Frp går Janne Hatteberg opp som tredje vara, Magne Ivar Fauskanger går inn som fjerde vara, Florence Ida Straume går inn som femte vara.

I tenesteutvalet går Vigdis Frugård Tvedt inn som første vara for Frp/Venstre, Janne Hatteberg går opp som andre vara og Florence Ida Straume vert tredje vara for Frp/Venstre.

Tenesteutvalet peikar ut ny representant for samarbeidsutvalet for Onarheim barnehage, valet vert gjort i utvalet sitt neste møte.

Postadresse:
Rådhuset
5685 UGGDAL

Besøksadresse:
UGGDAL

Telefon: 53 43 70 00
Telefaks: 53 43 70 11

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/491 -
Arkivkode: 541

Sakshandsamar: Haakon Haaland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	12.09.2018	PS 57/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 38/18

ABONNEMENTSVILKÅR FOR VATN OG AVLØP - REVISJON

Vedlegg: ADMINISTRATIVE BESTEMMELSER - STANDARD
ABONNEMENTSVILKÅR FOR VANN OG AVLØP

SAKSUTGREIING:

Vedtak av abonnementsvilkår er ein utøvelse av eigarrådigheita over eige leidningsnett og fastsetting av leveringsbetingelsar for å levera avløpstenester. Vedtak og handheving av standard abonnementsvilkår er derfor ikkje utøving av offentleg myndighet, men av privatrettsling myndighet i samsvar med avtalelova.

Tysnes kommune har i dag eit sett med abonnementsvilkår på sin nettstad, men desse er ikkje vedteke i kommunestyret og kan derfor ikkje handhevast.

Standard abonnementsvilkår er utarbeida av KS og utgitt av Kommuneforlaget. Desse vilkåra, eventuelt med lokale tillegg, er grunnlaget for abonnementsvilkåra i dei fleste kommunar i landet.

Standard abonnementsvilkår for vann og avløp består av to deler:

- Administrative bestemmelser
- Tekniske bestemmelser

Administrative bestemmelser er vedlagt og kan nyttast vederlagsfritt. Tekniske bestemmelser er ein eigen utgivelse som må kjøpast frå kommuneforlaget.

Vilkåra blir gjeldande for eksisterande og nye abonnentar, og uavhengig om abonnenten har skrevet under ein erklæring om å overholde vilkåra eller ikkje.

Sidan Tysnes kommune ikkje driv vassforsyning er det berre delane av vilkåra som gjeld avløp som vil vera gjeldane frå vedtaket. Dersom Tysnes kommune overtek eit eller fleire av dei private vassverka vil dei delar av vilkåra som gjeld vassforsyning vera gjeldane for Tysnes kommune sine abonnentar.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Kommunestyret gjer «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» gjeldande i Tysnes kommune for leveranse av avløpstenester. Dersom Tysnes kommune byrjar leveranse av vassforsyning vert vilkåra for dette gjeldande.

Rådmannen får mandat til å gjera mindre lokale tilpassingar i vilkåra samt å gje dispensasjon frå vilkåra.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 12.09.2018:

Kommunestyret gjer «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» gjeldande i Tysnes kommune for leveranse av avløpstenester. Dersom Tysnes kommune byrjar leveranse av vassforsyning vert vilkåra for dette gjeldande.

Rådmannen får mandat til å gjera mindre lokale tilpassingar i vilkåra samt å gje dispensasjon frå vilkåra.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Kommunestyret gjer «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» gjeldande i Tysnes kommune for leveranse av avløpstenester. Dersom Tysnes kommune byrjar leveranse av vassforsyning vert vilkåra for dette gjeldande.

Rådmannen får mandat til å gjera mindre lokale tilpassingar i vilkåra samt å gje dispensasjon frå vilkåra.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/515 -
Arkivkode: 113

Sakshandsamar: Haakon Haaland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	12.09.2018	PS 58/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 39/18

SJØLVKOSTOMRÅDE FOR VASSFORSYNING

Vedlegg:

SAKSUTGREIING:

I samsvar med saknr. 59/17 og saknr. 60/17 frå kommunestyret skal Tysnes kommune gjennomføra ein utgreiing av eventuell kommunal overtaking av Uggdal Vasslag SA og Tysnes Vassverk SA.

Utgifter som Tysnes kommune pådreg seg i dette arbeidet kan førast mot eit sjølvkostområde for vassforsyning og vil då bli ein del av sjølvkostkalkylen ved ein eventuell overtaking. Då vil dei framtidige gebyra som Tysnes kommune eventuelt krev inn, dekkja kostnader til utgreiingsarbeidet.

Sjølvkostområdet vil vera operativt frå vedtaket i kommunestyret, og utgifter tilbake i tid kan ikkje førast mot sjølvkostområdet.

Dersom ikkje ei overaking vil finna stad vil utgifter til utgreiingsarbeidet utgiftsførast drift av administrasjonen.

Ved full kostnadsdekning vil vassgebyra kommunen krevjer inn dekkja 100 % av kostnaden med å drive vassforsyning.

Vidare utrekning av gebyr vil førekoma seinare i prosessen og vil innebera ein sjølvkostkalkyle for området i samsvar med «Retninglinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester», publikasjonsnummer H-3/14, utgitt av kommunal- og moderniseringsdepartementet.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Kommunestyret opprettar sjølvkostområde for vassforsyning med full kostnadsdekning.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 12.09.2018:

Postadresse:
Rådhuset
5685 UGGDAL

Besøksadresse:
UGGDAL

Telefon: 53 43 70 00
Telefaks: 53 43 70 11

Kommunestyret opprettar sjølvkostområde for vassforsyning med full kostnadsdekning.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Kommunestyret opprettar sjølvkostområde for vassforsyning med full kostnadsdekning.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/508 -
Arkivkode: 101.2

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	12.09.2018	PS 64/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 40/18

INTERKOMMUNAL STRANDSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND - KOMMUNEDELPLAN INTERN HØYRING

Vedlegg: 1. Interkommunal strandsonerplan med tilhøyrande vedlegg
2. Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

I samband med stt møte 25. mai d.å. hadde Samarbeidsrådet i Sunnhordland sak om Interkommunal strandsonerplanen til handsaming.

Det var lagt fram slikt framlegg til vedtak:

- 1. Samarbeidsrådet godkjenner planen slik den ligg føre. Strandsonerplanen vert sendt ut til kommunane med høyringsfrist 15. september d.å.*
- 2. Samarbeidsrådet føreset at kommunane forpliktar seg til å følgja dei tilrådingane og retningslinjene, herunder felles føresegner som er utarbeidd i fellesrapporten del 1. i det interkommunale planarbeidet.*

Etter drøftingar i rådet vart det gjort slikt vedtak:

Samarbeidsrådet vedtek at planen vert sendt til kommunane for innspel før planen vert sendt til høyring.

Frist for innspel frå kommunane vert 30. september 2018.

Utgangspunkt for strandsonerplanen har vore at kommunane i planområde då kunne handsamast etter kategori 3 i samsvar med differensierte planretningslinjer for strandsonerforvaltning.

Kategori 3 er områder med mindre utbyggingspress og er nærare skildra i Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona punkt punkt 7.2.

Det er positivt at kommunen kan koma i denne gruppa då det i den gruppa vert opna opp for noko meir utvikling og utbygging av strandsona. Det set likevel ikkje til side det generelle byggeforbodet i 100 metersbelt langs sjøen. Det er presisert at det i desse områda «..vil være enklere for kommunen å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunen utenfor pressområdene mulighet til å inkludere 100-metersbelte langs sjøen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunen kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbelte.»

I dei drøftingane som har vore kan det synast som at me ikkje har vore flinke nok til å leggja føringane og rommet som er lagt inn for kommunar i denne arealsona til grunn. Fylkesmannen synes å tolka planen konsekvent ut frå føringar som er lagt til andre kategoriar i den differensierte strandsoneforvalninga.

Arbeidet har teke lang tid og vinsten synes kanskje litt uklår for oss ennå. Legg planen som no ligg føre nye moglegheiter til grunn for vår forvaltning av strandsona, har planen i det heile teke inn over seg at kommunane p.t. ligg i område med mindre utbyggingspress? Det kan stundom virke som at kompromissa som vert treft i planen og i dei tilhøyrande føresegnene ikkje er særleg betre enn kva me sjølv bør kunna forhandla oss fram til i ein ordinær planprosess. Kva vil verta konsekvensen om kommunen vel å ikkje vedta planen med tilhøyrande retningslinjer? Dette er spørsmål som me må vurdera nærare i den endelege vurderinga av planen.

I denne mellombelse høringa vil me peika på følgjande moment:

Planen er framleis litt vanskeleg å lesa, den er svært omfattande og treng kan ytterlegare avkortingar.

Når det gjeld kap. 7 framlegg til felles mal for føresegner så må det gjerast ei redaksjonell opprydning. Me vil tilrå å ta vekk innleiinga og elles skilja tydelegare mellom retningslinjer og føresegner. Retningslinjene kan følgja som eit eige vedlegg heller enn å skriva dei inn mellom føresegnene. Det er også vanskeleg å forstå kvifor nokre føresegner står i ramme og andre ikkje.

Tysnes kommune ønskjer å gje følgjande framlegg om konkrete endringar i føresegnene som er lagt fram, jf. planframlegg kap. 7 s. 79 - 91:

§ 1.0

Første punktum vert sletta då dette følgjer hovudregelen i lova.

Andre avsnitt, første punktum bør omformulerast slik: Utbygging i strandsona bør så langt som mogleg skje mest mogleg konsentrert.

Andre avsnitt, andre punktum bør omformulerast slik: Samanhengande inngrepsfrie områder med særskilde friluftsinnteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser bør haldast frie for nye tiltak.

Tredje avsnitt første punktum: «skal» vert bytta ut med «bør»

Tredje avsnitt, andre punktum: Vert strøke.

§ 1.1.1

Denne føresegna er berre ei henvising til gjeldande lovverk og kan gå ut.

§ 1.1.2

Reguleringsplanar som framleis skal gjelda vert stadfesta i kommuneplanen, denne Føresegnas kaper etter vårt syn uvisse med omsyn til kor langt me skal gå i å gjera ei ny vurdering av reguleringsplanar etter strandsonerinteressene. Slik formuleringa er i dag kan den gje utgangspunkt for omkampar om vedtekne reguleringsplanar, vår tilråding er at den vert sletta.

§ 1.6

Føresegna er vanskeleg å følgja opp slik den er formulert no, me foreslår ei slik formulering: «Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålment tilgjenge og utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen»

§ 2.4

Me meiner at første kulepunkt bør omformulerast slik at følgjande formulering i føresegna vert sletta: «eller gjer allmenn ferdsel vanskelegare i strandsona». Det aktuelle omsynet er likevel godt ivareteke i føresegna.

§ 2.7

Me gjer framlegg om at det vert lagt inn eit nytt avsnitt i føresegna:

«Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggjast vekt i vurdering av tiltak i 100 metersbelte.»

§ 3-4

Me gjer framlegg om at denne vert omformulert slik:

«Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålmenn ferdsel langs strandsona.»

§ 7-1

Me gjer framlegg om slikt tillegg:

«Det skal som hovudregel vera høve til å leggja ut flytebyggjer i tilknytning til etablerte kaianlegg.»

Det vert innstilt på å gje slik uttale:

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune meiner vinsten med den interkommunale strandsonerplan synes litt uklår. Slik planen framstår er me usikre på om den vil utvida eller innskrenka vårt handlingsrom når det kjem til eigen kommuneplan og i handsaming av einskildssaker. Før planen kan takast til endeleg vedtak må sjølvsagt denne grunnleggjande problemstillinga avklarast nærare.

I denne mellombelse høyringa vil me peika på følgjande moment:

Planen er framleis litt vanskeleg å lesa, den er svært omfattande og treng kan ytterlegare avkortingar.

Når det gjeld kap. 7 framlegg til felles mal for føresegner så må det gjerast ei redaksjonell opprydning. Me vil tilrå å ta vekk innleiinga og elles skilja tydelegare mellom retningsliner og føresegner, gjerne med å leggja retningslinene som eit eige vedlegg. Det er også vanskeleg å forstå kvifor nokre føresegner står i ramme og andre ikkje.

Tysnes kommune ønskjer å gje følgjande framlegg om konkrete endringar i føresegnene som er lagt fram:

§ 1.0

Første punktum vert sletta då dette følgjer hovudregelen i lova.

Andre avsnitt, første punktum bør omformulerast slik: Utbygging i strandsona bør så langt som mogleg skje mest mogleg konsentrert.

Andre avsnitt, andre punktum bør omformulerast slik: Samanhengande inngrepsfrie områder med særskilde friluftsiinteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser bør haldast frie for nye tiltak.

Tredje avsnitt første punktum: «skal» vert bytta ut med «bør»

Tredje avsnitt, andre punktum: Vert strøke.

§ 1.1.1

Denne føresegna er berre ei henvising til gjeldande lovverk og kan gå ut.

§ 1.1.2

Reguleringsplanar som framleis skal gjelda vert stadfesta i kommuneplanen, denne føresegnaskaper etter vårt syn uvisse med omsyn til kor langt me skal gå i å gjera ei ny vurdering av reguleringsplanar etter strandsonerinteressene.

Me rår til at føresegna vert teke ut.

§ 1.6

Føresegna er vanskeleg å følgja opp slik den er formulert no, me foreslår ei slik formulering: «Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålment tilgjenge og utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen»

§ 2.4

Me meiner at første kulepunkt bør omformulerast slik at følgjande formulering i føresegna vert sletta: «eller gjer allmenn ferdsel vanskelegare i strandsona». Det aktuelle omsynet er likevel godt ivareteke i føresegna.

§ 2.7

Me gjer framlegg om at det vert lagt inn eit nytt avsnitt i føresegna:

«Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggjast vekt i vurdering av tiltak i 100 metersbelte.»

§ 3-4

Me forslår at denne vert omformulert slik:

«Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålmenn ferdsel langs strandsona.»

§ 7-1

Me foreslår slik tillegg:

«Det skal som hovudregel vera høve til å leggja ut flytebyggjer i tilknytning til etablerte kaianlegg.»

Avslutningsvis viser me til vår innleiande uro for planen og ber om at Samarbeidsrådet gjer ei nærare vurdering om korleis planen svart opp dei mål og forventningar som vart lagt til grunn ved oppstart. Det er ein føremon om dette vert gjort før planen vert sendt ut til open høyring.

Tysnes kommune vil til slutt presisera at vår endelege godkjenning og tilslutning til planen med tilhøyrande føresegnene vert gjort så sant me meiner at planen tener våre interesser i forvaltning av strandsona.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 12.09.2018:

Tysnes kommune meiner vinsten med den interkommunale strandsonenplan synes litt uklår. Slik planen framstår er me usikre på om den vil utvida eller innskrenka vårt handlingsrom når det kjem til eigen kommuneplan og i handsaming av einskildssaker. Før planen kan takast til endeleg vedtak må sjølvstøtt denne grunnleggjande problemstillinga avklarast nærare.

I denne mellombelse høyringa vil me peika på følgjande moment:

Planen er framleis litt vanskeleg å lesa, den er svært omfattande og treng kan ytterlegare avkortingar.

Når det gjeld kap. 7 framlegg til felles mal for føresegner så må det gjerast ei redaksjonell opprydning. Me vil tilrå å ta vekk innleiinga og elles skilja tydelegare mellom retningsliner og føresegner, gjerne med å leggja retningslinene som eit eige vedlegg. Det er også vanskeleg å forstå kvifor nokre føresegner står i ramme og andre ikkje.

Tysnes kommune ønskjer å gje følgjande framlegg om konkrete endringar i føresegnene som er lagt fram:

§ 1.0

Første punktum vert sletta då dette følgjer hovudregelen i lova.

Andre avsnitt, første punktum bør omformulerast slik: Utbygging i strandsona bør så langt som mogleg skje mest mogleg konsentrert.

Andre avsnitt, andre punktum bør omformulerast slik: Samanhengande inngrepsfrie områder med særskilde friluftssinteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser bør haldast frie for nye tiltak.

Tredje avsnitt første punktum: «skal» vert bytta ut med «bør»

Tredje avsnitt, andre punktum: Vert strøke.

§ 1.1.1

Denne føresegna er berre ei henvising til gjeldande lovverk og kan gå ut.

§ 1.1.2

Reguleringsplanar som framleis skal gjelda vert stadfesta i kommuneplanen, denne føresegnaskaper etter vårt syn uvisse med omsyn til kor langt me skal gå i å gjera ei ny vurdering av reguleringsplanar etter strandsoneinteressene.

Me rår til at føresegna vert teke ut.

§ 1.6

Føresegna er vanskeleg å følgja opp slik den er formulert no, me foreslår ei slik formulering:

«Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålment tilgjenge og utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen»

§ 2.4

Me meiner at første kulepunkt bør omformulerast slik at følgjande formulering i føresegna vert sletta: «eller gjer allmenn ferdsel vanskelegare i strandsona». Det aktuelle omsynet er likevel godt ivareteke i føresegna.

§ 2.7

Me gjer framlegg om at det vert lagt inn eit nytt avsnitt i føresegna:

«Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggjast vekt i vurdering av tiltak i 100 metersbelte.»

§ 3-4

Me forslår at denne vert omformulert slik:

«Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålmenn ferdsel langs strandsona.»

§ 7-1

Me foreslår slik tillegg:

«Det skal som hovudregel vera høve til å leggja ut flytebyggjer i tilknytning til etablerte kaianlegg.»

Avslutningsvis viser me til vår innleiande uro for planen og ber om at Samarbeidsrådet gjer ei nærare vurdering om korleis planen svart opp dei mål og forventningar som vart lagt til grunn ved oppstart. Det er ein føremon om dette vert gjort før planen vert sendt ut til open høyring.

Tysnes kommune vil til slutt presisera at vår endelege godkjenning og tilslutning til planen med tilhøyrande føresegnene vert gjort så sant me meiner at planen tener våre interesser i forvaltning av strandsona.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Tysnes kommune meiner vinsten med den interkommunale strandsoneplan synes litt uklår. Slik planen framstår er me usikre på om den vil utvida eller innskrenka vårt handlingsrom når det kjem til eigen kommuneplan og i handsaming av einskildssaker. Før planen kan takast til endeleg vedtak må sjølvstøtt denne grunnleggjande problemstillinga avklarast nærare.

I denne mellombelse høyringa vil me peika på følgjande moment:

Planen er framleis litt vanskeleg å lesa, den er svært omfattande og treng kan ytterlegare avkortingar.

Når det gjeld kap. 7 framlegg til felles mal for føresegner så må det gjerast ei redaksjonell opprydning. Me vil tilrå å ta vekk innleiinga og elles skilja tydelegare mellom retningsliner og føresegner, gjerne med å leggja retningslinene som eit eige vedlegg. Det er også vanskeleg å forstå kvifor nokre føresegner står i ramme og andre ikkje.

Tysnes kommune ønskjer å gje følgjande framlegg om konkrete endringar i føresegnene som er lagt fram:

§ 1.0

Første punktum vert sletta då dette følgjer hovudregelen i lova.

Andre avsnitt, første punktum bør omformulerast slik: Utbygging i strandsona bør så langt som mogleg skje mest mogleg konsentrert.

Andre avsnitt, andre punktum bør omformulerast slik: Samanhengande inngrepsfrie områder med særskilde friluftsinnteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser bør haldast frie for nye tiltak.

Tredje avsnitt første punktum: «skal» vert bytta ut med «bør»

Tredje avsnitt, andre punktum: Vert strøke.

§ 1.1.1

Denne føresegna er berre ei henvising til gjeldande lovverk og kan gå ut.

§ 1.1.2

Reguleringsplanar som framleis skal gjelda vert stadfesta i kommuneplanen, denne føresegnaskaper etter vårt syn uvisse med omsyn til kor langt me skal gå i å gjera ei ny vurdering av reguleringsplanar etter strandsoneinteressene.

Me rår til at føresegna vert teke ut.

§ 1.6

Føresegna er vanskeleg å følgja opp slik den er formulert no, me foreslår ei slik formulering: «Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålment tilgjenge og utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen»

§ 2.4

Me meiner at første kulepunkt bør omformulerast slik at følgjande formulering i føresegna vert sletta: «eller gjer allmenn ferdsel vanskelegare i strandsona». Det aktuelle omsynet er likevel godt ivareteke i føresegna.

§ 2.7

Me gjer framlegg om at det vert lagt inn eit nytt avsnitt i føresegna:

«Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggjast vekt i vurdering av tiltak i 100 metersbelte.»

§ 3-4

Me forslår at denne vert omformulert slik:

«Tiltak i strandsona på sjø og land skal vurderast opp mot ålmenn ferdsel langs strandsona.»

§ 7-1

Me foreslår slik tillegg:

«Det skal som hovudregel vera høve til å leggja ut flytebyggjer i tilknytning til etablerte kaianlegg.»

Avslutningsvis viser me til vår innleiande uro for planen og ber om at Samarbeidsrådet gjer ei nærare vurdering om korleis planen svart opp dei mål og forventningar som vart lagt til grunn ved oppstart. Det er ein føremon om dette vert gjort før planen vert sendt ut til open høyring.

Tysnes kommune vil til slutt presisera at vår endelege godkjenning og tilslutning til planen med tilhøyrande føresegnene vert gjort så sant me meiner at planen tener våre interesser i forvaltning av strandsona.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/223 -
Arkivkode: 561

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	12.09.2018	PS 63/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 41/18

FØREHANDSINNKREVJING AV BOMPEN GAR - E39

- Vedlegg:**
1. PRINSIPPSAK OM SØKNAD OM FORHÅNDSBOMPENGER
UTKAST TIL KOMMUNENE
 2. VEDLEGG 1 TIL PRINSIPPSAK OM FORHÅNDSBOMPENGER TIL
KOMMUNENE
 3. PROP. 117 S (2012-2013) – E39 ROGFAST I ROGALAND –
FØREHANDSINNKREVJING AV BOMPEN GAR

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Stortinget har opna for forsert framdrift og anleggsstart for E39 Hordfast, dersom Statens vegvesen greier å få ned kostnadene for prosjektet. Øyvind Halleraker i Hordfast AS skriv at det førebels ligg an til ein kostnadsreduksjon på 25 prosent, og at dette opnar for å nytta 5 mrd. kr i første planperiode av NTP (2018-2023). Desse pengane må då hentast frå såkalla annan finansiering, i praksis gjennom førehandsinnkrevjing av bompengar.

Det vert i denne saka lagt opp til at Tysnes kommunestyre skal ta prinsipielt stilling til innkrevjing av bompengar. Spørsmålet skal også handsamast i Stord, Os og Fitjar kommunar og Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen skal deretter førebu ei sak for Stortinget.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Strekninga E39 Stord-Os er eit prosjekt i «Ferjefri E39», som skal medverka til redusert reisetid mellom Trondheim og Kristiansand og Stavanger og Bergen. E39 Ådland-Svegatjørn skal avløysa ferjesambanda Halhjem-Sandvikvåg, Halhjem-Våge og Jektevik-Hodnanes. I Nasjonal transportplan 2018-2029 er prosjektet skildra slikt:

«E39 går fra Kristiansand til Trondheim, og går bl.a. innom Stavanger, Bergen, Ålesund og Molde. Fra Kristiansand til Trondheim utgjør E39 i dag 1 068 km. Det er sju ferjer på strekningen. Det tar i dag mellom 20 og 21 timer å kjøre hele veggen. Regjeringen har som ambisjon å binde Vestlandet sammen med en opprustet og ferjefri E39.

En utbedret og ferjefri E39 vil være 47 km kortere enn i dag, og reisetiden vil være halvert, til om lag ti og en halv time. Store næringslivsregioner og bo-, arbeids- og servicemarkeder vil bli knyttet sammen og vil gi et bedre grunnlag for å kunne utvikle Norges største eksportregion. Teknologit utvikling for fjordkryssinger vil i seg selv gi norsk næringsliv et nytt område å benytte kompetanse fra bl.a. offshoresektoren. Regjeringen vil prioritere videre planlegging av E39, med vekt på å utvikle løsninger som er kostnadseffektive å gjennomføre, og fremdrift må bl.a. avhenge av teknologisk modenhet. Den videre planleggingen må søke å redusere kostnadsnivået ut fra dagens estimer. Regjeringen vil ikke knytte ferdigstilling av ferjefri E39 til et bestemt årstall. Fremdriften i arbeidet med å realisere ferjefri E39 vil bl.a. være avhengig av det økonomiske handlingsrommet og det videre planarbeidet, herunder arbeidet med de teknologiske løsninger for de store fjordkryssingene.

E39 Rogfast, E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast) og E39 Ålesund-Molde (Møreaksen) er prioritert i planperioden av hensyn til planklarhet, samfunnsøkonomi og potensielle regionale effekter av å knytte bo- og arbeidsmarked nærmere sammen. De er nærmere omtalt i kapittel 13. De største prosjektene som inngår i ferjefri E39 er:

- E39 Rogfast, omfatter en 26,7 km lang undersjøisk toløps tunnel under Boknafjorden mellom kommunene Randaberg og Bokn i Rogaland. Det er også planlagt en 3,7 km lang ettløps tunnelarm opp til Kvitvøy
- E39 Ådland – Svegatjørn (Hordfast) i Hordaland er om lag 52 km og vil være en ny hovedveg mellom Stavanger og Bergen. Dagens veg går fra Ådland til Sandvikvåg på Stord med ferje over til Halhjem i Os. Ferjestrekningen er om lag 23 km med overfartstid på 40–45 minutter. Sammen med Rogfast vil hele strekningen mellom Bergen og Stavanger bli ferjefri.»

Regjeringa la 5. april 2017 fram forslag om utbygging og finansiering av prosjektet E39 Rogfast i Rogaland for Stortinget, som vedtok prosjektet 23. mai 2017. Prosjektet er no i byggefasen.

Hordfast er i perioden 2024-2029 prioritert med 14. mrd. statlege kroner og 5 mrd. kr i annan finansiering, som er kommentert . Det kan vera aktuelt med anleggstart i 2022 dersom kostnadene i prosjektet vert monaleg redusert og at det vert skaffa alternativ finansiering i storleik 5 mrd. kr.

Planarbeidet for E39 Stord-Os blir gjennomført som statleg kommunedelplan, med Kommunal- og moderniseringsdepartementet som planmynde. Planen har vore på høyring og det er gjennomført nokre tilleggsutgreingar. Slik ein forstår det vil vegvesenet om ikkje lenge senda saka med si tilråding over til departementet.

Bompengoopplegg

Bompengane vil koma som eit sonetillegg til den ordinære ferjetaksten for køyretøy. Sonetillegget er utan moms og vil vera ulikt for dei tre sambanda som følgje av ulik soneplassering. Det vert lagt opp til at el-bilar betaler halv takst.

Det vet søkt om et sonetillegget på Sandvikvåg-Halhjem på fem takstsoner, frå sone 22 til sone 27. Tillegget for ein liten bil vil med dagens takst vera på 33 kr. Ein semitrailer i gruppe 14-17 m vil få eit påslag på 140 kr.

Fylkesvegferjene Våge-Halhjem og Hodnanes-Jektevik vert skildra som typiske pendlar-samband, der det også er varsla ein høgare ordinær takst. Det vert derfor eit mindre påslag, på henholdsvis 2 og 1 takstsoner for disse to ferjestrekningane. For Våge-Halhjem vert då tillegget for liten bil 12,60 kr eller 8,8%. For Jektevik-Hodnanes vil tillegget bli 7,20 kr eller 9,8 % for liten bil.

Dersom fylkeskommunen held fast ved dagens rabattsatsar på ferjebilletten, søker ein om den same rabatt-satsen på bompengane, då vert inntektene på dei to fylkessambanda redusert, truleg med 1,0 til 1,5 mill. kr lågare enn tala i tabellen under.

Inntektene vil i første omgang gå til planlegging og eventuelt grunnverv. Dersom det etter tre års innkrevjing ikkje er gjort vedtak om forlenga «bomperiode» eller realisering av prosjektet (førehandsinnkrevjing kan maksimalt pågå i tre år), så skal ubrukte bompengar nyttast til tilstøytande vegar i Stord/Fitjar, Os og Tysnes. I notat frå Statens vegvesen vedlagt saka er det gitt nærare informasjon om førehandsinnkrevjing av bompengar.

Berekena årlege inntekter av førehandsbompengar til Hordfast, basert på trafikktal frå 2017

Samband	Bompengetakst	Årleg inntekt
Sandvikvåg-Halhjem	33,30 kr	47 560 000 kr
Våge-Halhjem	12,60 kr	2 572 000 kr
Jektevik-Hodnanes	7,20 kr	1 383 000 kr
Sum årlege inntekter av førehandsbompengar		51 415 000 kr

Vurdering

Tysnes kommune ser på realisering av ferjefri kyststamveg E39 som ei svært viktig arbeidsoppgåve frametter.

Fordelen med førehandsinnkrevjing er at prosjektet får reduserte lånekostnader. Ulempa er at trafikantane må betala for prosjektet lenge før dei eventuelt får nytte og glede av det. Når søknaden kjem no må rådmannen også peika på ein del andre utfordringar i høve til uvisse knytt til fylkesvegsambanda, og noko uvisse med omsyn til vurderingar som er gjort i søknaden frå Hordfast.

Tysnes kommune legg til grunn at opplegg for førehandsinnkrevjing på Hordfast må vera tilsvarande som opplegget for Rogfast. I vedlegg 3 *Prop. 117 S (2012-2013)* er opplegget for førehandsinnkrevjing på Rogfast skildra. Her avløyser Rogfast to ferjesamband; Mortavika – Arsvågen og Mekjarvik-Kvitsøy. Førstnemnde samband er eit av dei mest trafikkerte sambanda

i landet og er ein del av E39, sistenemnde samband er eit fylkesvegsamband. Ved finansiering av Rogfast var det aldri aktuelt å starta innkrevjing på fylkesvegsambandet, me meiner at tilsvarande opplegg må vera utgangspunkt også for førehandsfinansiering av Hordfast.

Hordfast er ei omlegging av E39 og såleis eit prosjekt som skal gje ei betre løysing for trafikkstraumane mellom Bergen og Stavanger, det er altså først og framst ei løysing for den store gjennomgangstrafikken. Trafikken på fylkesvegsambanda Hodnanes –Jektavik og Våge-Halhjem er stort sett lokal trafikk og dagpendling og såleis sårbare samband vurdert opp mot lokalsamfunnet. Tysnes kommune vil unekteleg få store føremoner ved at vegen også vil avløysa våre ferjesamband, men det er ikkje ein veg primært for Tysnes. Det kan neppe vera tvil om at Tysnes også vil få ein del ulemper ved framføringa av vegen, ikkje minst gjeld dette større trafikk på eit dårleg fylkesvegnett. Det vil vera behov for å gjera vesentlege opprustingar på dette for å kunna handtera ei auka trafikkmengd. Me viser då til Hordaland fylkeskommune sin moglegheitsstudie som mellom anna peiker på at mykje av trafikken som i dag kjem via Gjermundshamn truleg vil reise via Tysnes, vegane våre er p.t. knappast mogleg dimensjonert til å handtera lokaltrafikk. Eventuelle innkrevjingar av bompengar på fylkessambanda bør i så tilfelle gå til slike turvande utbetringar.

I desse dagar opplever me uro og uvisse knytt til fylkesferjesambanda. Det er behov for å gjennomføra innsparingar ikkje minst for å møte kostnader som føl dei nye ferjekontraktane. Eit tiltak som er peika på som ein moglegheit er å vurdere innsparingar ved å redusera opningstidene på sambanda. Ei slik løysing vil gjera vilkåra for arbeidspendling til og frå kommunen monaleg vanskelegare.

Hordaland fylkeskommune har ennå ikkje vist ein truverdig plan for å finansiera meirkostnaden som følgjer dei nye ferjekontraktane. I dag kostar årleg drift av fylkesveg ferjene om lag kr. 330 mill. med nye kontraktar er dette vurdert å auka til om lag kr. 570 mill. Det er ein auke på 70 % som det enn så lenge ikkje er finansiering for. No vert det arbeida med å få staten til å ta deler av denne kostnaden. Finaniseringa burde sjølvstakt vore avkalart før dei gjekk inn i nye kontraktar, men det er ein anna historie. Dersom det ikkje lukkast å få vesentleg meir statleg finansiering for å dekke dei nye kostnadene må finansieringa skje gjennom innstrammingar i andre deler av fylkeskommunen si drift, eller ved å overlata rekninga til dei reisande. Tidlegare har fylkeskommunen fylgt riksregulativet for fastsetjing av takstar, dette prinsippet vart ikkje etterlevd for 2018 då fylkeskommunen valgte å auka sine takstar med 7 % altså monaleg meir enn auken i riksregulativet som då var på om lag 2 %. Dersom det ikkje lukkast fylkeskommunen å finna anna finansiering for dei nye ferjekontraktane er me urolege for den framtidige takstutviklinga på fylkesvegsambanda.

Eit anna moment som for tida gjev oss noko grunn til uro er innføring av Autopass på ferjene. På rikssambanda skal Autopass innførast medan fylkeskommunane er oppmoda om å vurdere dette også for fylkessambanda. Autopass inneber at det frametter berre vert køyrety som skal betala på ferja, andre reisande får høve til å nytta sambandet utan å måtte løyse billett. Dette er i seg sjølv ein god tanke og vil kunne simulera til at fleire kan reisa kollektivt, men det er også ei utfordring då me veit at mange vil vera avhengig av bil for arbeidspendling. Det er dårlege kollektivknytepunkt både på Halhjem, Våge, Hodnanes og Jektavik. Statens vegvesen har i sitt framlegg til Autopass direktiv lagt opp til at prisauken for køyrety vert på 32 %. For ein kommune som er avhengig av både ut- og innpendling er dette urovekkande, den ekstra

månadskostnaden for ein dagpendlar mellom Tysnes og Os berre som følge av dette utgjer noko over 1000 kroner med utgangspunkt i dagens takster.

Sett i ljøs av dei ovanståande utfordringane synes nokre kroner i bompengar å vera ei sak med moderate konsekvensar, men dei akkumulerte kostnadene kan likevel bli så store at det er vanskeleg å kunna gå inn for førehandsinnkrevjing på noverande tidspunkt.

Konklusjon, alternativ tilråding

Det er vist til Prop. 117 S (2012-2013) i vedlegg til prinisippsak om førehandsinnkrevjing på ferjene, men desse prinsippa er ikkje fylgt opp i den skisserte løysinga. Rådmannen meiner at same prinsipp bør leggjast til grunn for ei eventuell førehandsinnkrevjing for Hordfast.

E39 – Hordfast er utan tvil eit svært viktig prosjekt for Tysnes og for den framtidige utviklinga av Tysnessamfunnet, isolert sett er konsekvensen av dei føreslegne bompengane på fylkesvegsambanda liten målt opp mot vinsten i framtidig utvikling. Me kan likevel ikkje lukka augene for at det akkurat no er svært mange ukjente faktorar i det framtidige fylkeskommunale ferjetilbodet, desse faktorane må avklarast før me kan ta stilling til ein søknad om førehandsinnkrevjing på dei aktuelle sambanda.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune ønskjer ei rask realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast).

Tysnes kommune meiner at ei eventuell førehandsinnkrevjing av bompengar må gjerast etter same modell som for Rogfast.

Tysnes kommune vil som alternativ ikkje kunna slutta seg til førehandsinnkrevjing på fylkesferjesamband Våge – Halhjem og Hodnanes – Jektavik før framtidig takstmodellar for fylkesvegsambanda vert endeleg avklara.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 12.09.2018:

Ordførar og varaordførar sa seg ugild i saka då dei begge sit i styre i Hordfast AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd bokstav e.

Representanten Arne Leite vart utnemnt til setteordførar, representanten Tore Atle Humlevik møtte som vara for representanten Kåre Martin Kleppe.

Representanten Tore Atle Humlevik sette fram slikt framlegg til vedtak på vegner av Høgre:

«Tysnes kommune ønskjer ei rask realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast).

Tysnes kommune meiner at ei eventuell førehandsinnkrevjing av bompengar må gjerast etter same modell som for Rogfast.

Tysnes kommune vil ikkje kunna slutta seg til førehandsinnkrevjing på fylkesferjesamband Våge – Halhjem og Hodnanes – Jektavik.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegg frå Høgre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 12.09.2018:

Tysnes kommune ønskjer ei rask realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast).

Tysnes kommune meiner at ei eventuell førehandsinnkrevjing av bompengar må gjerast etter same modell som for Rogfast.

Tysnes kommune vil ikkje kunna slutta seg til førehandsinnkrevjing på fylkesferjesamband Våge – Halhjem og Hodnanes – Jektavik.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Ordførar og varaordførar var ugild til å handsame saka. Representanten Magnar Solheim vart valt til setjesordførar i saka.

Innleiingsvis vart det gjort greie for at det er ein feil i protokoll frå formannskapet, det rette framlegget til vedtak frå formannskapet vart lese opp. Rett framlegg er sendt til kommunestyre sine medlemmer.

Representanten Arne Leite sette på vegner av Senterpartiet fram slikt framlegg til vedtak:

«Tysnes kommune vil ikkje slutta seg til førehandsinnkrevjing av bompengar på ferjesambanda Våge-Halhjem og Hodnanes-Jektevik.

For riksvegsamband meiner Tysnes kommune at ei eventuell førehandsinnkrevjing må gjerast etter same modell som Rogfast.»

Ved avrøysting vart framlegg frå formannskapet sett opp mot framlegget frå Senterpartiet. Kommunestyre slutta seg samrøystes til framlegg frå Senterpartiet sett fram i møte.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Tysnes kommune vil ikkje slutta seg til førehandsinnkrevjing av bompengar på ferjesambanda Våge-Halhjem og Hodnanes-Jektevik.

For riksvegsamband meiner Tysnes kommune at ei eventuell førehandsinnkrevjing må gjerast etter same modell som Rogfast.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/507 -
Arkivkode: 365

Sakshandsamar: Aud Kaldefoss

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
TENESTEUTVALET	11.09.2018	PS 13/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 42/18

AVTALE OM PPT-SAMARBEID - TYSNES - STORD - FITJAR

Vedlegg: AVTALE OM PPT
SAMARBEIDSAVTALE

SAKSUTGREIING:

Kommunane Os og Tysnes har hatt ein samarbeidsavtale om felles PPT kontor, der Tysnes kommune har bidratt økonomisk ved å betala for ei fagstilling ved kontoret. PP-tenesta har dei siste åra opplevd ulike utfordringar m.o.t. rekruttering, vakansar, permisjonar og sjukmeldingar, noko som har gjort at våre brukarar av denne tenesta har meint at tenesta ikkje har fungert tilfredsstillande. Dette har blitt teken opp ved ulike høve. I januar 2018 valte Os kommune å seia opp samarbeidsavtalen med Tysnes kommune, gjeldande frå 01.08.18. Tysnes kommune har tidlegare informert tenesteutval, formannskap og kontrollutval om situasjonen og sett på ulike løysingar for å få til ei så god PP-teneste som mogleg.

Opplæringslova § 5-6 seier følgjande om pedagogisk –psykologisk teneste:

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.

Politikarar, administrasjon og dei ulike einingsleiarane har drøfta ulike måtar å driva PP-tenesta på

framover:

Eige PPT:

Rektorane og styrarane er samde om at dette er ei dårleg løysing. Me har mange problemstillingar som krev ulike kompetansar, noko som vert vanskeleg å fylla ved eige PPT-kontor. PPT skal driva systemarbeid ute på einingane og ein ser fort at ein gjerne må leige inn spesialkompetansar for å ivreta dei behova som til ein kvar tid skal stettast. Tenesta vert sårbar og kompetansmiljøet vert lite. Fordelen er at ein har betre oversikt og kjem tettare på tenesta.

Samarbeid med ein annan kommune av om lag same storleik:

Kommunen har drøfta dette med Fitjar kommune. Me var samde i at dette var ein moglegheit, men såg samstundes at sjølv om me var 2 kommunar som gjekk i lag, var tenesta framleis liten og sårbar, både av omsyn til tilsette, kompetanse og miljø. Fitjar kommune har fram til no hatt ein samarbeidsavtale med Stord kommune, og ynskte primært å vera tilslutta ei større PP-teneste.

Kjøpa tenester/inngå samarbeid med ein eller fleire kommunar med større PP-teneste:

Os kommune ynskte ikkje halda fram med PPT-samarbeidet, - då fokuset deire m.a. vert kommunesamanslåing og samarbeidet rundt den nye Bjørnefjorden kommune. Me har difor sett sørover mot Stord, og har i lag med Fitjar kommune hatt forhandlingar med Stord kommune om ei felles PP-teneste. Forhandlingane har munna ut i ein samarbeidsavtale og premisser som ligg vedlagt i saka.

Rådmennene er blitt samde om ei avtale som legg opp til vertskommunesamarbeid. Den nye avtalen er i tråd med regelverk og sentrale forventingar om oppgåveløysing, samt ei fordeling av kostandar som speglar oppgåvene.

PPT sitt mandat er regulert i opplæringslova § 5-6 og barnehagelova § 19 c og omhandlar system- og individretta arbeid. PPT skal, som ein del av det systemretta arbeidet, samarbeide med barnehagane og skulane om tidleg innsats og førebygging/ tilpassing. Tidleg innsats og tilpassing er sentrale deler av barnehagen og skulen sitt oppdrag. Potensiale for å redusera sosiale skilander gjennom å iverksetja tiltak tidleg er stor, og den samfunnsøkonomiske gevinsten ved å tilby gode tiltak til barn som har behov for ekstra hjelp er høg.

Det å ha ei pedagogisk psykologisk teneste som har tilsette med høg kompetanse og som kan gje god og rask fagleg støtte til tilsette i barnehagar er viktig. Det same gjeld PPT sin rolle som sakkunnig i einskildsaker. Grunna auka arbeidsmengd for det som før var PPT for Stord og Fitjar kommune, vert PPT utvida med ei stilling dersom Tysnes kommune vert med i samarbeidet.

Økonomiske konsekvensar

Det er lagt fram ulike løysingar for fordeling av driftskostnader. Kommunane er no samde om at 70 prosent av dei samla driftskostandane vert delt etter talet på barn mellom 0-16 år i kommunane per 1. januar i budsjettåret. Resterande 30 prosent vert delt med 60 prosent på Stord kommune og 20 prosent kvar på Fitjar og Tysnes kommune.

PPT, fordeling med 30 % fastdel (Stord 60 % av dette, Tysnes og Fitjar 20 % kvar), 70 % etter barnetal, 5 % adm påslag (indirekte kostnader) og oppdaterte barnetal

Direkte kostnader til fordeling							9 879 317
Påslag adm/indirekte kostnader 5%							493 966
Sum til fordeling:							10 373 283
Fast del, 30%							3 111 985
Etter folketal 0-16 år							7 261 298
Kommune	Innbyggjartal pr 1.1.2018	Eigar og ansvarsdel i %	Fastdel 30%	Etter barnetal	Sum fast og variabel	Endring i høve til i dag	
Tysnes	516	9,56	622 397	693 986	1 316 383		
Fitjar	742	13,74	622 397	997 941	1 620 338	314 338	
Stord	4 141	76,70	1 867 191	5 569 371	7 436 562	-759 221	
sum	5 399	1,00	3 111 985	7 261 298	10 373 283	-444 883	

Avtalen vert meir kostbar enn den vi har i dag, men me vil få ei teneste som er mykje meir involvert i dei ulike skulane og barnehagane på systemnivå.

Me har samstundes peika på at me er oppteken av tidleg innsats og at tilpassa opplæring i størst mogleg grad skal erstatta spesialundervisning. Alle som har trong for tilrettelegging og spesialundervisning, skal få dette så tidleg som mogleg, og tiltaka skal evaluerast jammleg. Me har difor von om at tala/storleiken på vedtak vil gå ned, noko som og vil gje mindre kostnad på sikt.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

1. Kommunestyret godkjenner Samarbeidsavtale for Pedagogisk- psykologiske teneste, Fitjar, Tysnes og Stord slik den ligg føre.
2. Samarbeidsavtale for Pedagogisk-psykologisk teneste Fitjar, Tysnes og Stord vert gjort gjeldande frå 1. oktober 2018 under vilkår av at avtalen vert godkjent i Stord og Fitjar kommune.
3. Kommunestyre delegerer mynde til utøving av lov om opplæring av §§ 5-6 og lov om barnehagar § 19 c til Stord kommune ved rådmannen, jf. kommuneloven § 28-1 a.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ TENESTEUTVALET 11.09.2018:

1. Kommunestyret godkjenner Samarbeidsavtale for Pedagogisk- psykologiske teneste, Fitjar, Tysnes og Stord slik den ligg føre.
2. Samarbeidsavtale for Pedagogisk-psykologisk teneste Fitjar, Tysnes og Stord vert gjort gjeldande frå 1. oktober 2018 under vilkår av at avtalen vert godkjent i Stord og Fitjar kommune.
3. Kommunestyre delegerer mynde til utøving av lov om opplæring av §§ 5-6 og lov om barnehagar § 19 c til Stord kommune ved rådmannen, jf. kommuneloven § 28-1 a.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

1. Kommunestyret godkjenner Samarbeidsavtale for Pedagogisk- psykologiske teneste, Fitjar, Tysnes og Stord slik den ligg føre.
2. Samarbeidsavtale for Pedagogisk-psykologisk teneste Fitjar, Tysnes og Stord vert gjort gjeldande frå 1. oktober 2018 under vilkår av at avtalen vert godkjent i Stord og Fitjar kommune.
3. Kommunestyre delegerer mynde til utøving av lov om opplæring av §§ 5-6 og lov om barnehagar § 19 c til Stord kommune ved rådmannen, jf. kommuneloven § 28-1 a.

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
25.09.2018

Arkivsak : 18/519 -
Arkivkode: 211.1

Sakshandsamar: Aud Kaldefoss

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
TENESTEUTVALET	11.09.2018	PS 14/18
KOMMUNESTYRET	25.09.2018	PS 43/18

RUTINER FOR TILSYN BARNEHAGAR

Vedlegg:

SAKSUTGREIING:

Med heimel i Barnehagelova § 8, er kommunen lokal barnehagemynde med overordna ansvar for å sikre barn eit likeverdig og forsvarleg barnehagetilbod av god kvalitet.

§ 8 Kommunens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder, jf. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov.

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteleven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte.

Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.

Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.

§ 7 Barnehageeierens ansvar

Barnehageeieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk.

Kommunale barnehageeieren må legge fram opplysninger om tjenstedata. Ikke-kommunale barnehageeiere må legge fram opplysninger om tjenstedata og regnskapsdata. Departementet gir nærmere forskrifter om fremleggelse av tjenstedata og regnskapsdata.

Barnehageeieren plikter å gi barnets bostedskommune de opplysninger som er nødvendige for å kunne føre et register som nevnt i § 8 fjerde ledd.

Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/ de foresattes forhold til barnehagen, herunder

- a. Eierforhold,*
- b. Formål, jf. §§ 1 og 1a*
- c. Opptakskriterier,*
- d. Antall medlemmer i samarbeidsutvalget,*
- e. Barnehagens åpningstid*

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

Kommunen gjennomfører tilsyn med barnehagar med heimel i barnehagelova § 16. Adgangen til å reaksjonsmiddel mot ikke-kommunale barnehagar er regulert i § 16a.

Dette skal vere uavhengig av kven som eig og driv barnehagane. Kommunen skal gjennom aktiv rettleiing, godkjenning og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen driv verksemda i tråd med dei krav som framgår av barnehagelova med tilhøyrande forskrifter.

Barnehagemynde har eit omfattande ansvar, mellom anna gjennom innføring av rett til plass i barnehage og ved innføring av rammefinansiering i 2011. Barnehagetilbodet skal ha kvalitet, innhald og omfang slik som barnehagelova krev. Det skal også takast omsyn til brukarane og andre lokale tilhøve. Det er kommunen sitt ansvar å sikre og legge til rette for eit samla og godt barnehagetilbod.

Tysnes kommune deltar i eit tilsynssamarbeid i Midthordland kompetanseregion som består av kommunane Os, Tysnes, Samnanger, Fusa, Vaksdal og Austevoll. Kommunane utarbeider

felles malar for gjennomføring av tilsyn, og deltek med personell på tvers av kommunegrensene ved tilsyn. Det er den einkilde kommune som tek initiativ og legg planar for sine tilsyn. Ein eller fleire av deltakande kommunar deltek som støtte under sakshandsaminga etter særskilt avtale forut for tilsynet. I ettertid delar kommunane erfaringar til beste for alle.

§ 16 Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.

I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.

Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

§ 16 a. Kommunens adgang til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor ikke-kommunale barnehager

Kommunen kan holde tilbake tilskudd til ikke-kommunale barnehager eller redusere tilskudd i kommende terminer dersom krav etter § 14 a eller forskrift i medhold av § 14 a ikke er oppfylt.

Dersom tilskudd er anvendt i strid med § 14 a eller forskrift i medhold av § 14 a, kan kommunen kreve tilbakebetaling av tilskudd.

Tilbakehold av tilskudd, reduksjon i tilskudd eller tilbakebetaling av tilskudd etter første og andre ledd skal stå i forhold til regelbruddets art og økonomiske betydning.”

Tilsyn skal som hovudregel vere skriftleg varsla til barnehageeigar, med forslag til møtetidspunkt og forventa sakshandsamingstid for tilsynet. Kva del av lover og forskrifter som skal undersøkjast skal koma fram i varselet. I tillegg vil kommunen be om relevant dokumentasjon med frist for innsending.

Unntak frå skriftleg varsling kan skje når barnehagemynde har informasjon om, og vurderer det som sannsynleg at det er ulovlege og/eller uforsvarlege tilhøve i barnehagen. Slike tilhøve må undersøkjast av barnehagemynde ved tilsyn for å kunne pålegge barnehageeigar krav om retting.

Tilsyn som verkemiddel skal sikra at kvaliteten i barnehagane oppfyller minstekrav i lova. Kommunen har høve til å gje merknad om lovbrøt dersom det ved tilsyn vert avdekka uforsvarlege eller ulovlege tilhøve, dvs. at barnehagen ikkje oppfyller minstekravet slik lova krev.

Tilsyn skal sikre at barnehageeigar driv barnehagen i tråd med krav i:

- Lov om barnehagar (barnehagelova)
- Rammeplan for barnehagar (forskrift til barnehagelova)
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassen
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar m.v.
- Lov om brannvern
- Lov om produktkontroll

Lista er ikkje uttømmende.

Tilsynsrapportar er offentlege og blir lagt ut på kommunen si nettside.

Vurdering:

Tysnes kommune gjer seg nytte av erfaringar, innspel og bidrag frå dei andre kommunane i Midthordland kompetanseregion ved gjennomføring og evaluering av tilsyn. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre at tilboda i barnehagane er i tråd med kommunale vedtak, lov og anna regelverk. Den einskilde kommune er også ansvarleg for administrativ oppfølging i tråd med forvaltningslova kapittel 5 og 6.

Tilsyn bidrar til å skaffe kommunen oversikt over det samla barnehagetilbodet og sikre barn gode oppvekstvilkår. Ved tilsyn blir barnehageeigar og tilsette minna på oppgåva som går ut på å drive barnehagen som ei pedagogisk verksemd til beste for barna sine oppvekstvilkår slik dette er definert i Barnehagelova § 1.

Malar for tilsyn med barnehagar i Midthordland kompetanseregion vil bli oppdatert ved endringar i lov og forskrifter. Malane slik dei no ligg føre, er vedlagt denne saka til orientering.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Samnanger, Fusa og Vaksdal kommune som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

Rutinar for tilsyn med barnehagar er laga i fellesskap av barnehagemynde i dei 6 kommunane. Samarbeidskommunane vil også sørgja for nødvendige endringar i rutineane i tråd med ei kvar tid gjeldande regelverk. Samarbeidet er ikkje eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Samarbeidskommunane vil vurdera å ta initiativ til ei formalisering av samarbeidet i tråd med den nye kommunelova kap 19 når den trer i kraft – Kommunalt oppgavefellesskap.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ TENESTEUTVALET 11.09.2018:

Tysnes kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Samnanger, Fusa og Vaksdal kommune som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einsskilte kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einsskilte kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

Rutinar for tilsyn med barnehagar er laga i fellesskap av barnehagemynde i dei 6 kommunane. Samarbeidskommunane vil også sørgja for nødvendige endringar i rutineane i tråd med ei kvar tid gjeldande regelverk. Samarbeidet er ikkje eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Samarbeidskommunane vil vurdera å ta initiativ til ei formalisering av samarbeidet i tråd med den nye kommunelova kap 19 når den trer i kraft – Kommunalt oppgavefellesskap.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Tysnes kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Samnanger, Fusa og Vaksdal kommune som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einsskilte kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einsskilte kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

Rutinar for tilsyn med barnehagar er laga i fellesskap av barnehagemynde i dei 6 kommunane. Samarbeidskommunane vil også sørgja for nødvendige endringar i rutineane i tråd med ei kvar tid gjeldande regelverk. Samarbeidet er ikkje eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Samarbeidskommunane vil vurdera å ta initiativ til ei formalisering av samarbeidet i tråd med den nye kommunelova kap 19 når den trer i kraft – Kommunalt oppgavefellesskap.